



Arkes Bygg AS  
Tertnesflaten 2  
5114 TERTNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1225 - 15/9656

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
26.05.2015

## GBNR 40/7 - Igangsettingsløyve for oppføring av 5 naust

**Administrativt vedtak. Saknr: 161/2015**

### SAKSUTGREIING:

Det vert vist til søknad journalført 29.4.15 om løyve til igangsetting (IG) av oppføring av 5 naust med tilhøyrande ny avkjørsle frå kommunal veg, vegtilkomst til nausta og parkeringsplass på gbnr 40/7. Rammeløyve for tiltaket vart gitt ved delegert vedtak av 24.7.2014, sak 216/2014.

Ved søknad journalført 29.4.2015 er det søkt om løyve til tilkopling til kommunalt vassforsyningsanlegg.

Søknaden var komplett og klar for handsaming etter mottak av tilleggsinformasjon frå ansvarleg søker og tiltakshavar 26.5.2015.

### VURDERING:

#### Planstatus:

Det vert vist til vedtak om rammeløyve med tilhøyrande vurderingar og vilkår. På bakgrunn av føreliggjande søknad med tilhøyrande dokumentasjon vert tiltaket vurdert til å vere i samsvar med lov- og plangrunnlaget for eigedomen, jf vurderinga og vedtaket nedanfor.

#### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknaden om rammeløyve. Føreliggjande søknad om IG inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

#### Godkjenning av føretak for ansvarsrett:

I tillegg til føretaket som vart godkjent med ansvarsrett gjennom rammeløyvet (SØK og PRO for rammesøknad) vert det no søkt om følgjande ansvarsrettar:

<b>Føretak:</b>	<b>Godkjenningsområde:</b>
-----------------	----------------------------

Betongentreprenøren Sundt og Morstøl AS Org.nr 997 475 240 Sentral og lokal godkjenning	PRO, betongarbeid (tkl 1), lokal godkjenning UTF, betongarbeid (tkl 1, sentral godkjenning)
Øksnes Anlegg AS Org.nr 914 107 210 Sentral godkjenning	PRO, grunn- og terrengarbeid (tkl 1) UTF, grunn- og terrengarbeid (tkl 1)
Arkes Bygg AS Org.nr 979 300 840 Sentral godkjenning	PRO, tømrerarbeid (tkl 1) UTF, tømrerarbeid (tkl 1)
Gefo Rørservice AS Org.nr 890 167 772 Sentral godkjenning	PRO, uttak til vann (tkl 1) UTF, uttak til vann (tkl 1)

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarlege prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåve er belagt med ansvar, jf. pbl. § 23-4.

Tilkopling til kommunalt vassforsyningsanlegg:

Tiltakshavar har opplyst det skal leggst vatn inn i alle nausta, og at fire av nausta skal delast frå og seljast. Gråvassutslepp skal førast til eksisterande avlaupsnett for egedomen, slik at det ikkje vert naudsynt med nytt utsleppsløyve eller tilkopling til avlaup.

Meland kommune godkjenner at dei planlagde nausta på gbnr 40/7 vert tilknytt kommunalt vassforsyningsanlegg i samsvar med søknad journalført 29.4.2015 og tilleggsopplysningar i epost frå tiltakshavar journalført 26.5.2015. Om vilkår for tilkopling vert det vist til vedtaket nedanfor. Administrasjonen understrekar at det ikkje må installerast vassklosett i nausta. Dette vil vere i strid med godkjente teikningar, bruken av bygga som naust og dispensasjonen i saka.

Kommunen krev tilkoplingsavgift for kvart av nausta (à kr 10 000 + mva).

**VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl) § 20-1, jf pbl § 21-4, løyve til igangsetting for oppføring av 5 naust med tilhøyrande avkjørsle frå kommunal veg, vegtilkomst til nausta og parkeringsplass på egedomen gbnr 40/7 i samsvar med søknad journalført 29.4.2015.

Det vert vist til rammeløyve med vilkår dagsett 24.7.2014, som gjeld i tillegg til dette vedtak, jf DNT-sak 216/2014. Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf vurderinga ovanfor.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av pbl så framt det ikkje er gitt unntak. Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Meland kommune godkjenner at nausta på gbnr 40/7 vert tilknytt kommunalt vassforsyningsanlegg i samsvar med søknad journalført 29.4.2015, og på følgjande vilkår:

- Tilkopling skjer på vilkår fastsett i forskrift, retningsliner og leveringsavtale.
- Alle sanitærinstallasjonar skal følgje standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup.
- Tilkopling skal skje i kum.
- Melding m/ dokumentasjon frå UTF røyrleggjar skal sendast kommunen når tilkopling er utført.
- Dersom De ønskjer å leige vassmålar må det gjevast melding til kommunen.
- Gebyr skal betalast i samsvar med gjeldande gebyrregulativ (kr. 10 000,- + mva x 5).»

\*\*\*\*\*

Vedtaket er gjort med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og Plan- og bygningsloven. Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Arkes Bygg AS  
Gefo Rørservice AS

Tertnesflaten 2 5114

TERTNES

